



**Notat**

Dato: 26.06.2015  
Arkivsak: 2015/6589-1  
Saksbehandlar: anifjel

---

**Til:** Fylkesrådmannen

**Frå:** Anita Fjellheim

---

## **Fjerna skilt E134 i krysset Jøsendal-Kløvet –oppfølging etter møte i fylkesutvalet 18.juni 2015**

I møteboka frå fylkesutvalet sitt møte 18.06.15 er teke inn følgjande frå open time:

**Benthe Bondhus** sende slikt spørsmål til fylkesordføraren:

"I fylkesutvalet 19. mai gjorde eg fylkesutvalet merksam på at skilt er fjerna frå kryss v E134 (Jøsendal, Kløvet). Ved grundigare sok på eiga hand er eg "rysta" over det eg finn som faktaunderlag for dette.

Det er då no slik at vegfarande på E134, både frå sør og aust, ikkje får noko varsel om destinasjonane Bergen, Rosendal, Jondal, Årsnes, verken ved namn eller stipla visning til vegnummer. Dette er tilsvarande når ein kjem nordvest frå i det ein kjem inn til Odda sentrum.

Folgefondtunnelen opna i 2001. Det tok sju år før det kom opp skilt som fortalte dei vegfarande om moglegheitene ein no hadde ved Jøsendalskrysset på E134. Sju år seinare, no er skilta fjerna.

Eg legg ved offentlege dokument av korrespondanse mellom Hardangerbrua as og Statens vegvesen. Kan Hordaland fylkeskommune som største aksjonær i Hardangerbrua as. vera samd i slik saksgang. (Eks. manglande trafikkprognosar, ledig kapasitet, e-post merka internt arbeidsdokument osv.)

Vonar eg kan få eit kjapt svar, då det er krefter som pressar på for at dette må fram i ljøset."

Det vil kome svar i neste møte»

Det vart avtala i fylkesutvalet 18. juni 2015 at Benthe Bondhus skulle sende meir informasjon rundt desse spørsmåla. Her kjem difor kopi av innhald i tre epostar fra Benthe Bondhus:

### **Epost nr 1 av 18.06.15, Spørsmål i fylkesutvalet: Skilting E134/Rosendal**

«16. jun. 2015 kl. 20.22 skrev Einar Lutro <[hardangerbrua@lofthus.no](mailto:hardangerbrua@lofthus.no)>:

*Hei Benthe*

*Vedlagt fylgjer kopi av dei dokument du ber om. Nokre av SV sine dokument er stempla internt, men eg reknar med at det var før utlysing av jobben med sjølve skiltarbeidet.*

*Einar*

**Fra:** Benthe Bondhus [<mailto:benth-bo@knett.no>]

**Sendt:** 16. juni 2015 12:01

**Til:** [hardangerbrua@lofthus.no](mailto:hardangerbrua@lofthus.no)

**Emne:** innsyn i dokument

*Ber om å få innsyn i følgjande dokument.*

*Offentlig postliste, inn. 2014*

*04.09. SVRV, Skilting i Hardangerregionen. PDF*

*04.25. SVRV, Oversikt fjernskilting Hardangerbrua.msg*

*06.16. HFK, Skilting i Hardanger og Voss regionen.msg*

*12.19. SVRV, Skilting i Hardanger*

*Offentlig postliste, ut. 2014*

*03.31. SVRV, Skilting i Hardanger.doc*

*06.05. SVRV, Skiltplan.doc*

*12.17. SVRV, Skiltplan*

*12.18. SVRV, Skilting i Hardanger*

*12.19. SVRV, Skilting i Hardanger*

*Ber om å få dette tilsendt elektronisk om det let seg gjera.*

*Med helsing*

*Benthe Bondhus»*

**Epost nr 2, av 24.06.15, a) Skilting og informasjon (Presisering av spørsmålet i FUV )**

«1. Norge er dårleg på skilting og informasjon. Hordaland Fylkeskommunen kan no gå i spiss (vera pilot) for å retta opp i dette.

2. Korleis kan fylkeskommunen setja rammer og premisser for skilting av naudsynte visninger til trafikk-knutepunkt. Eksempel; fergesamband, kjente destinasjonar og turistmål, som til dømes Stiklestad, Preikestolen, Tyssedal/Trolltunga, Rosendal, Lyngheisenteret og Kinsarvik mm.

3. Eg ber om at dette vert sett på sakskartet for politisk behandling, tidleg haust 2015»

**Epost nr 3, av 24.06.15 b)Nokre linjer frå NTP**

«At knutepunkt, veg- og gatesystemer skal ha en logisk og «lesbar» utforming, skilting og merking på tvers av forvaltningsnivåene.

*Regeringen vil:*

Øke satsingen på tiltak for å få et mest mulig tilgjengelig og universelt utformet transportsystem.

Bidra til at hele reisekjeder blir universelt utformet, slik at transportsystemet i så stor grad som mulig kan benyttes av alle. Øke kompetansen om universell utforming av reisekjeden i alle ledd.

Prioritere utbedring av kryss og sikring av kryssingspunkter for fotgjengere og syklister.

Prioritere drift og vedlikehold av gangarealer langs riksveger.

Prioritere vinterdrift som gir sammenhengende kvalitet på gangnettet, på tvers av forvaltningsnivåene.

At framkommelighet, tilgjengelighet og sikkerhet for fotgjengere ved anleggssarbeid skal bedres.

At tiltak som sikrer universell utforming vurderes innarbeidet ved ordinære vedlikeholds- og utbedringsprosjekt.

At knutepunkt, veg- og gatesystemer skal ha en logisk og «lesbar» utforming, **skilting** og merking på tvers av forvaltningsnivåene.

At en nasjonal reiseplanlegger med informasjon om egenskaper ved holdeplasser og knutepunkt skal etableres og videreført.